



DET KONGELEGE BARNE-, LIKESTILLINGS-  
OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

# Prop. 85 L

(2015–2016)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

---

Endringar i barnelova m.m.  
(oppheving av tidsfristar  
i farskapssaker m.m.)



## Innhold

<b>1</b>	<b>Hovudinnhaldet i proposisjonen .....</b>	<b>5</b>	<b>7</b>	<b>Høyringsforslaget .....</b>	<b>11</b>
<b>2</b>	<b>Høyringa .....</b>	<b>5</b>	<b>8</b>	<b>Syna til høyringsinstansane .....</b>	<b>12</b>
<b>3</b>	<b>Gjeldande rett .....</b>	<b>6</b>	<b>9</b>	<b>Vurderingane til departementet .....</b>	<b>13</b>
<b>4</b>	<b>Utanlandsk rett .....</b>	<b>8</b>	<b>10</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar .....</b>	<b>14</b>
4.1	Danmark .....	8			
4.2	Sverige .....	8			
4.3	Finland .....	8			
<b>5</b>	<b>Menneskerettar .....</b>	<b>8</b>	<b>11</b>	<b>Regeltekniske endringar i ekteskapslova og brud- vigjingslova .....</b>	<b>14</b>
<b>6</b>	<b>Tidlegare handsaming av fristar i endringssaker .....</b>	<b>9</b>	<b>12</b>	<b>Nærare merknadar til lovforslaget .....</b>	<b>15</b>
6.1	Rettstilstanden fram til 2003 .....	9			
6.2	Lovendringar i 2002 – Ot.prp. nr. 93 (2001–2002) .....	9			
6.3	NOU 2009: 5 Farskap og annen morskap .....	10			
6.4	Lovendringar i 2013 – Prop. 105 L (2012–2013) .....	10			
			<b>Forslag til lov om endringar i barnelova m.m. (oppheving av tidsfristar i farskaps- saker m.m.) .....</b>		<b>17</b>





DET KONGELEGE BARNE-, LIKESTILLINGS-  
OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

# Prop. 85 L

(2015–2016)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

## Endringar i barnelova m.m. (oppheving av tidsfristar i farskapssaker m.m.)

*Tilråding frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet 18. mars 2016,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Rejeringa Solberg)*

### 1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet foreslår i denne proposisjonen å oppheva tidsfristane for å reisa sak om endring av farskap. Tidsfristane vart innført med verknad frå 1. januar 2014, etter at dei hadde vore oppheva sidan 2003.<sup>1</sup>

Årleg vert det fødd omlag 60 000 barn her i landet. I tilfelle der det er tvil om den juridiske farskapen er i samsvar med den biologiske, trengst det reglar som gjev høve til å få prøvd og eventuelt endra farskapen. Kven som er dei biologiske foreldra til eit barn er grunnleggjande for korleis menneska forstår seg sjølv. Dersom det er tvil om kven som er far til eit barn, vil det vera til beste for barnet å få tvilen avklara. Omsynet til barnet og foreldra sitt behov for kunnskap om biologisk opphav veg så tungt at det bør gå føre andre omsyn. På denne bakgrunn legg departementet fram forslag til endringar i barnelova om å oppheva tidsfristar i saker om endring av farskap.

Departementet fremjar òg nokre mindre endringar i andre lover, sjå kapittel 11.

### 2 Høyringa

Departementet sende forslag til endringar i barnelova om å oppheva tidsfristar i farskapssaker på høyring 5. november 2015 til følgjande høyringsinstansar:

Alle departementa  
Arbeids- og velferdsdirektoratet  
Barneombodet  
Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet  
Bioteknologirådet  
Bispedømmeråda  
Datatilsynet  
Domstoladministrasjonen  
Folkehelseinstituttet  
Helsedirektoratet  
Likestillings- og diskrimineringsombodet  
Regjeringsadvokaten  
Sivilombodsmannen  
Skattedirektoratet  
Statens helsetilsyn  
Utlendingsdirektoratet

Atferdssenteret – Norsk senter for studier av  
problematferd og innovativ praksis

Fafo  
Høgskolen i Oslo og Akershus v/NOVA  
Institutt for samfunnfsforskning (ISF)  
KUN – senter for kunnskap og likestilling  
Nordlandsforskning

<sup>1</sup> Ot.prp. nr. 93 (2001–2002). Lovvedtak 20. desember 2002  
nr. 92. I kraft 1. april 2003.

Norges arktiske universitet (UiT)  
 Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU)  
 Norsk institutt for by- og regionsforskning  
 Norsk senter for barneforskning, NTNU  
 Regionalt kunnskapssenter for barn og unge – RKBU Nord  
 Regionalt kunnskapssenter for barn og unge – RKBU Midt-Norge  
 Regionalt kunnskapssenter for barn og unge – RKBU Vest  
 Regionsentrene for barn og unges psykiske helse, RBUP Øst og Sør  
 Senter for menneskerettigheter, UiO  
 Universitetet i Agder  
 Universitetet i Bergen  
 Universitetet i Oslo  
 Universitetet i Nordland  
 Universitetet i Stavanger

Aleneforeldreforeningen  
 Amathea – Veiledingstjeneste for gravide  
 Amnesty International Norge  
 Foreningen 2 Foreldre  
 Forum for Menn og Omsorg  
 Humanetisk forbund  
 Juridisk rådgivning for kvinner (JURK)  
 Juss-Buss  
 Jussformidlingen i Bergen  
 Jusshjelpa i Midt-Norge  
 Jusshjelpa i Nord-Norge  
 Kirkens bymisjon  
 Kontoret for fri rettshjelp  
 Krisesentersekretariatet  
 Kvinnefronten  
 Kvinnegruppa Ottar  
 Landsforeningen for lesbiske, homofile, bifile og transpersoner (LLH)  
 Mannsforum  
 Mental Helse  
 MIRA-ressurssenter  
 Norges Kvinne- og familieforbund  
 Norges Røde Kors  
 Norsk Kvinnesaksforening  
 Redd Barna  
 Reform – ressurssenter for menn  
 Rettspolitisk forening  
 Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn  
 Stiftelsen Barnas rettigheter  
 Stiftelsen Kirkens Familievern  
 Støttegruppen for feildømte fedre  
 Unicef  
 Voksne for Barn

Akademikerne  
 Den norske Advokatforening  
 Den norske Dommerforening  
 Den norske jordmorforening  
 Den norske legeforening  
 Fellesorganisasjonen (FO)  
 Jordmor forbundet – NSF  
 Norges Juristforbund  
 Landsgruppen av helsesøstre, NSF  
 Landsorganisasjonen i Norge (LO)  
 Norsk Psykologforening  
 Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)  
 Unio – Hovedorganisasjon for universitets- og høyskoleutdannede  
 Yrkesorganisasjonenes sentralforbund (YS)

Følgjande høyTINGSinstanser har uttalt seg om realiteten i forslaget:  
 Advokatforeningen  
 Aleneforeldreforeningen  
 Barneombodet  
 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet  
 Foreningen 2 Foreldre  
 Kvinnefronten  
 Likestillings- og diskrimineringsombodet  
 Norsk Kvinnesaksforening  
 Norges Kvinne- og familieforbund  
 Reform – ressurssenter for menn

### **3 Gjeldanderett**

Når eit barn vert fødd medan mora er gift, reknast den mannen som mora er gift med ved fødselen som faren til barnet, jf. barnelova § 3.<sup>2</sup> Nærare halvparten av dei om lag 60 000 barna som vert fødde årleg i Noreg, får farskapet fastsett etter denne pater est-regelen.

Dei fleste av barna som vert fødde av ei ugift mor, har likevel foreldre som lever saman. Når foreldra ikkje er gifte, kan mora oppgje kven som er far til barnet og faren kan erklæra farskapen anten i fødselsmeldinga, eller til jordmor eller lækjar ved svangerskapskontroll eller til enkelte andre offentlege instansar, jf. barnelova § 4. Dersom faren erklærer farskapen utan at mora har oppgjeve han som far, må ho skriftleg godta erklæringa. Fram til 2014 nytta barnelova ordlyden «vedgåing av farskap».

<sup>2</sup> Barnelova § 3 første stykke: «Som far til barnet skal reknast den mannen som mora er gift med ved fødselen.» Prinsippet som ligg til grunn for pater est-regelen har sitt opphav i romerretten, og har dermed vore eit mønster for lovginga innan familieletten i dei fleste europeiske land.

Når farskap ikkje følgjer av ekteskap eller erklæring, kan farskap fastsetjast ved dom. Utgangspunktet i barnelova § 9 er at ein mann som vert utpeikt som far etter DNA-analyse, skal dømmast til far. Andre prov trengst berre i tilfelle der det ikkje ligg føre DNA-analyse, eller det er grunn til å tru at det heftar feil ved DNA-analysen, eller dersom nærståande slektingar også framstår som moglege fedrar.

Det er krav om heimel i lov for at ein juridisk farskap skal kunne prøvast på nytt. Dersom ein ny mann erklærer farskapen, kan Arbeids- og velferdsdirektoratet endre farskapen administrativt etter barnelova § 7. I desse tilfella må mora, den juridiske faren og den nye faren vera samde, og Arbeids- og velferdsdirektoratet må fatta vedtak etter at DNA-analyse godtgjør at den andre mannen er faren til barnet. Det gjeld ikkje tidsfristar for å endra farskap etter barnelova § 7.

Barnelova § 6 har reglar om endring av farskap etter § 3 (pater est) og § 4 (erklæring) for domstolen. Det følgjer av barnelova § 6 at kvar av foreldra kan reisa sak for domstolen om endring av farskap dersom vedkomande legg fram opplysningar om at ein annan mann kan vera far til barnet. Saka må reisast innan eitt år etter at vedkomande vart kjend med opplysningane, men likevel slik at fristen tidlegast vert rekna frå tidspunktet då barnet vart født. Retten kan gjera unntak frå tidsfristen når særlege grunner talar for det.

Den som meiner at han er far til eit barn, kan fram til barnet fyller tre år, reise sak om farskapen dersom han legg fram opplysningar som tyder på at han kan vere faren. Retten kan i desse tilfella gjera unntak frå begge tidsfristane når særlege grunner talar for det.

Det gjeld ikkje tidsfristar for tilfelle der det ikkje er fastsatt noko farskap.

Det offentlege gjer ingen kontroll med at den juridiske farskapen vert plassert hos den biologiske faren. I praksis vil likevel dei juridiske farskapane som regel vera i tråd med dei biologiske farskapane, jf. brev frå Rettsmedisinsk institutt til Farskapsutvalet.<sup>3</sup> Det er berre i tilfelle der eit barn vert ståande utan far, at det offentlege har ei plikt til å fastsetje farskap. I desse tilfella skal det leggjast vekt på at den juridiske farskapen skal samsvare med den biologiske. Dersom mora eller mannen som ho har oppgjeve som far uttrykkjer

tvil, vert det nytt DNA-analyse som det offentlege dekker utgiftene til.

Barnet kan alltid reisa sak for domstolen for å endra farskap, uavhengig av tidsfristar, jf. barnelova § 6 første stykke. Er barnet mindreårig, vert saka reist av verje. Når særlege grunner talar for det, kan Arbeids- og velferdsdirektoratet reisa saka.

Etter at barnelova vart endra frå 2003, med eigne reglar om gjenopning og oppheving av tidsfristar for å reisa sak, kan partane krevje ny handsaming av saker som tidlegare var avgjort av domstolen utan DNA-analyse, jf. barnelova § 28 a. Denne regelen vart ikkje endra ved Prop. 105 L (2012–2013) og gjeld difor framleis. Domstolen kan no handsama og avgjere saker på nytt, når dei tidlegare er avgjort av retten på bakgrunn av vitnemålet til partane og rettsmedisinske analysemetodar for blodprøver som vart nyttा for DNA-analyse vart teke i bruk. I desse sakene gjeld det ingen tidsfristar for å reisa sak.

Vert nokon som har betalt pålagt eller avtala fostringstilskot til eit barn, seinare friteken for farskapen til barnet, kan han krevje summen betalt attende frå folketrygda, jf. barnelova § 80. Fram til 1. januar 2007 vart beløpet betala attende krone for krone, men etter ei lovendring i 2006 vert summen som vert betala attende indeksregulert.

Barnelova § 6 a gjev barnet rett til å få kunnskap om sin biologiske far, utan at dette endrar den juridiske farskapen. Barnet kan krevje at Arbeids- og velferdsdirektoratet gjev pålegg om å levere eigna prøve til DNA-analyse etter barnelova § 11 første stykke, og har rett til å få vite resultatet av analysane. Dersom nokon ikkje rettar seg etter påleggget, kan retten påleggje prøve for DNA-analyse. Barnet vil då få kunnskap om biologisk tilknyting utan at den juridiske farskapen samstundes endrast. At den juridiske farskapen ligg fast, vil likevel vera avhengig av at ingen av dei andre partane reiser sak om endring av farskap. I mange tilfelle vil resultatet av DNA-analysen truleg innebera kunnskap om farskapen som gjer at andre kan reise sak om endring etter barnelova § 6.

Det finst lite forsking om handsaminga av farskapssaker. Rettsmedisinsk institutt gjennomførde ei undersøking eitt år etter opphevinga av tidsfristane i 2003. I 36 prosent av sakene som vart reist det første året fordi det var tvil om farskapen, utelukka DNA-analysen den etablerte farskapen. Ut over dette er det lite kunnskap frå forsking om korleis regelverket har virka, både før og etter lovendringane.

<sup>3</sup> NOU 2009: 5 side 72.

## 4 Utanlandsk rett

### 4.1 Danmark

Statsforvaltinga treffer avgjerd om ei sak om farskap kan gjenopnast. Denne avgjerdha kan takast inn for retten. Både mor, far, barn og ein tredjemann kan krevja at farskapen vert endra, dersom det har skjedd feil eller det seinare har kome fram opplysningar som kan ha verka inn på registreringa av farskapen. (Registrering viser her til farskap fastsett ved pater est-regelen, og ved fråsegn som vanlegvis vert nytta av sambuarar.) Dødsbuet til dei nemnde personane har same høve til gjenopning. Saka må reisast innan tre år etter at barnet vart født, men retten kan gjera unntak frå fristen i særlege tilfelle.

Dersom det har kome fram opplysningar som kan ha verka inn på registreringa av farskapen, er det fleire vilkår for at saka kan gjenopnast. Dersom den juridiskearen har handsama barnet som sitt eige på trass av kjennskap til omstende som kan reise tvil om farskapen, kan han ikkje i noko tilfelle reise sak. Tilsvarande gjeld for mora, når ho har latearen handsama barnet som sitt eige. Vidare leggjast det i spørsmålet om gjenopning vekt på ei rekke faktorar slik som tida som har gått frå barnet vart født, om ein part med kjennskap til omstenda som reiser tvil om farskapen ikkje innan rimeleg tid har bede om gjenopning, og om barnet vil få ein far om saka vert gjenopna.

Gjenopning kan skje etter utløpet av fristen dersom det er særlege grunner for at krav om gjenopning ikkje er sett fram tidlegare. Det same gjeld om omstenda i stor grad talar for gjenopning, og ei fornøy handsaming truleg ikkje vil føra til vesentleg ulempe for barnet.

Reglane om gjenopning gjeld berre for barn født etter 1. juli 2002. For barn født før denne datoan gjeld dei gamle reglane, men likevel slik at sak kan gjenopnast når både barnet, mora og faren er samde om gjenopning og det vert sannsynleggjort at ein annan mann kan verta faren til barnet.

### 4.2 Sverige

Ein mann som er far etter pater est-regelen, kan bede sosialtenesta om å greia ut om ein annan kan vera far til barnet. Barnet sjølv og den juridiskearen kan reisa sak for å få oppheva farskapen. Det gjeld ingen søksmålsfristar. Når faren er død og han ikkje har budd saman med barnet og heller ikkje har stadfesta at barnet er hans, kan ektefellen eller ein annan arving gå til sak om oppheving

av farskapen innanfor nærmere fastsette tidsfristar. Ein mann som meiner at han er far til eit barn som allereie har ein juridisk far, kan ikkje reisa sak for å ta på seg farskapen.

Om det seinare viser seg at mannen som har tatt på seg farskapen ved erklæring («lämnat bekräftelsen») ikkje er faren til barnet, kan det reisast sak for domstolen for å få oppheva farskapen. Sak om oppheving av farskap kan reisast av mannen (eller om mannen er død, ektefellen eller andre arvingar) eller barnet sjølv. Mora til barnet har ingen sjølvstendig rett til å reisa sak, om ikkje mannen er død og ho er ektefellen hans.

### 4.3 Finland

Endringar i faderskapslagen tredde i kraft 1.1.2016. Etter denne lova kan foreldre til barn som er født i ekteskap saman krevje oppheving av farskapen ved ei felles fråsegn til magistraten innan eitt år frå barnet vart født.

Sak om oppheving av farskap kan reisast for retten av kvar av ektefellane eller av ein mann som har erklært farskapen. Sak må reisast innan to år frå barnet vart født, eller frå tidspunktet då farskapen vart etablert ved fråsegn.

Ein tredjemann som meiner han er faren til eit barn som er født i ekteskap, kan reisa sak om oppheving av farskapen dersom 1) mora og ektemannen levde frå kvarandre då barnet vart født, 2) tredjemannen budde saman med mora då barnet vart født og har delteke i omsuta for barnet eller det har oppstått eit «familieforhold» mellom barnet og mannen, og 3) domstolen finn at det er til beste for barnet å reisa sak. Tidsfristen i desse sakene er to år frå barnet vart født.

Ein ektemann eller ein mann som har erklært farskap kan ikkje reisa sak om endring av farskapen dersom han etter fødselen skriftleg har erklært at han er faren til barnet, sjølv om han veit at ein annan kan vera biologisk far. Mora kan ikkje reisa sak, dersom ho skriftleg har godkjent erklæringa.

## 5 Menneskerettar

For handlingar som angår barn, og som er sett i verk av styresmakter og organisasjonar, skal barnets beste vere eit grunnleggjande omsyn, jf. FN:s konvensjon om barnerettane artikkel 3. Departementet legg til grunn at dersom det er tvil om kven som er far til eit barn, vil det vera til beste for barnet å få tvilen avgjort. Både den juridiskearen, ein mann som meiner at han er faren til bar-

net, og mora til barnet bør difor ha rett til å reisa sak om endring av farskapen, utan at tidsfristar set grenser.

Den europeiske menneskeretsdomstolen (EMD) tillét i sin praksis søksmålsfristar i saker om gjenopning av farskap, for å sikra den juridiske stabiliteten i familierelasjonar og for å verna interessene til barnet.<sup>4</sup> Ifølge EMD er tidsfristar i seg sjølv ikkje i strid med menneskerettskonvensjonen.

Barnet kan etter gjeldande rett alltid reisa sak om endring av farskap uavhengig av tida som har gått. Dette gjeld òg barn over 18 år. Departementet legg til grunn at barnet sin rett etter EMK og barnekonvensjonen (BK) er oppfylt både i barnelova i dag og etter forslaget til lovendring.

## **6 Tidlegare handsaming av fristar i endringssaker**

### **6.1 Rettstilstanden fram til 2003**

Den noverande barnelova vart vedteken i 1981, med fleire vesentlege endringar i kapitla om farskap i 1997. Ei av endringane var at arvingane ikkje lenger skulle ha rett til å reise sak om endring av farskap. Vidare vart fristane for å reise sak om endring utvida. Ein mann som meiner han var faren til eit barn som allereie hadde ein far, fekk høve til å reise sak. Vilkåret for å reisa ei slik sak er at mannen kan leggja fram opplysingar som tyder på at han kan vera faren til barnet. Departementet meinte at ein mann som har gode grunnar for å tru at han er faren til eit barn, vil ha ein sterk trøng til å få prøvd saka for domstolane. Omsynet til barnet talar òg for å klarleggja dei rette biologiske forholda så tidleg som mogleg. I forarbeida til endringa uttalte departementet at det likevel knyter seg nokre innvendingar mot forslaget. Når ein tredjemann vert gjeven høve til å bryta inn i ein etablert tilstand, gjev det ein risiko for å riva opp etablerte farskap og samliv. På denne tida måtte ei eventuell sak verte reist innan eitt år etter at mannen vart kjent med opplysingane, og seinast innan barnet hadde fylt tre år. Retten kunne gjera unntak frå fristen på eitt år og aldersgrensa på tre år, dersom særlege grunnar talte for det.

Fram til 2003 kunne ein mann som var den juridiske faren til eit barn etter å ha vedgått farskapen eller fordi han var gift med mora, gå til sak om endring av farskapen. Vilkåret for å reisa ei slik

sak, var at han kunne leggja fram opplysingar som tydde på at ein annan kunne vera faren til barnet. Saka måtte likevel reisast innan eitt år etter at han vart kjent med opplysingane. Retten kunne gjera unntak frå fristen på eitt år viss særlege grunnar talte for det. Retten for mora til å reise sak om endring, følgde dei same reglane.

I fall farskapen var fastsett ved dom, gjaldt dei alminnelege reglane om gjenopning i tvistemålslova. Den vanlegaste grunnen til gjenopning er at det finst ei ny kjensgjerning eller eit nytt prov i saka som ville ført til eit anna resultat. Fram til 2003 var det ikkje tilstrekkeleg å visa til at det hadde blitt utvikla nye og forbetra metodar for å fastsetje farskapen ved DNA-analyse.

### **6.2 Lovendringar i 2002 – Ot.prp. nr. 93 (2001–2002)**

Utvikling av samfunnsforholda og dei sikre teknologiske metodane for fastsetting av farskap, fører til at stadig fleire tykkjer at det bør vera eit overordna mål at den juridiske farskapen samsvarar med den biologiske tilknytinga. I 2002 fremma regjeringa difor forslag om endring av farskapssreglane i Ot.prp. nr. 93 (2001–2002). Endringane tredde i kraft i 2003. Fleire stortingsrepresentantar, Likestillingsombodet, Rettsmedisinsk institutt og fleire privatpersonar tok til orde for ei endring av regelverket for fastsetting og endring av farskap i barnelova, og av regelverket for gjenopning av farskapssaker. Stortingsrepresentantane Sandberg og Knudsen fremja òg eit representantforslag om endringar i reglane om fastsetting av farskap i barnelova og reglar om gjenopning av saker om farskap i tvistemålslova.

Grunnlegginga for forslaget om å oppheva fristane for å reisa sak om endring av farskap var at barn i større grad skulle sikrast kjennskap til og eventuelt kontakt med den biologiske faren sin så tidleg som mogleg. Omsynet til ro rundt dei etablerte familieforholda vart vege mot omsynet til barnet, og foreldra sitt ynskje om kunnskap om den biologiske farskapen. Endringane som vart vedtekne gav både kvinner og menn ein rett til å reisa sak utan vilkår, dersom det var tvil om farskapen.

Lovendringa førte til at barnet, dei juridiske foreldra og dessutan ein person som meiner han er far til eit barn (tredjemann) frå 2003 fekk høve til å reisa sak for å få farskapen endra uavhengig av tidsfristar. I Innst. O. nr. 26 (2002–2003) ynskte mindretallet å halda på treårsfristen for tredjemann, for å hindre uro i ein familie som har eta-

<sup>4</sup> Shofman mot Russland, klagenummer 74826/01, dom 24. november 2005.

blerte relasjoner og der barnet føler stabilitet og tryggleik.

På bakgrunn av bruken av DNA-analyse, vart det samstundes vedteke ein særregel i barnelova § 28 a med unntak frå dei alminnelege reglene om gjenopning av domar. Grunngjevinga for endringa var at det skal vera mogleg å få gjenopna saker som vart avgjort før DNA-analysen vart teke i bruk, sidan det no er mogleg å få prøvd farskapen med ein treffgrad på tilnærma 100 prosent.

### 6.3 NOU 2009: 5 Farskap og annen morskap

Regjeringa sette i 2008 ned eit offentleg utval for å vurdera endringar i reglane om farskap og morskap i barnelova. Målsettinga var å tilpassa lova til den store samfunnsmessige og teknologiske utviklinga som har skjedd når det gjeld utvikling av familiemønster, høve for assistert befrukting og metode for sikker fastsetjing av farskap. Utvalet avga innstillinga NOU 2009: 5 *Farskap og anna morskap – Fastsettelse og endring av foreldreskap*. Farskapsutvalet drøfta behovet for tidsfristar i farskapssaker, og vurderte om omsynet til stabile rammer for barnet gjer at høve til å anleggja sak om endring av farskap bør vere avgrensa i tid.

Utvalet peikte på at omsynet til stabilitet over tid for barnet talar for at høvet til å få endra ein fastsett farskap ikkje bør vera særleg omfattande, sjølv om det då er risiko for at nokon barn veks opp med «feil» forelder. Utvalet la særleg vekt på stabilitet og trygge rammer for barnet. Oppheving av ein fastsett farskap kan føre til at ein mann som har vore den sosiale faren til barnet i ei årrekke, vert borte frå livet til barnet. Utvalet viste òg til at ei sak om endring kan føre til at barnet ikkje lenger har nokon rettsleg far. På denne bakgrunnen foreslo dei å gjeninnføra tidsfristane for å reisa sak om endring av farskap etablert ved pater est-regelen eller vedgåing, som var gjeldande rett fram til 2003. Utvalet foreslo òg tidsfrist for barnet for å reisa sak om endring, men det forslaget er ikkje seinare følgt opp.

Utvalet ga mellom anna slik grunn for endringsforsлага (NOU 2009: 5 side 114):

«Utvalget legger til grunn at etableringen av det nye farskapet ikke alltid i realiteten vil medføre at rollen som barnets far fylles på en måte som tilsvarer rollen til den tidligere faren. Har en mann oppdratt et barn i tro om at han er faren, eller påtatt seg farsansvaret for et barn, vil det i de aller fleste tilfeller etableres en følelsesmessig tilknytning mellom ham og barnet preget av kjærlighet, gjensidig nærhet og

omsorg. Den personlige relasjonen mellom far og barn er bygget på flere elementer enn ren biologi.

At det reises sak slik at det juridiske farskapet flyttes til en annen mann, medfører ikke at den biologisk «riktige» faren vil kunne erstatte den farsfiguren som barnet har hatt fram til endringsdom blir avsagt. Den følelsemessige relasjonen og omsorgen kan ikke bare flyttes fra en person til en annen. Jo lengre tid som farskapet har vært etablert, desto sterkere gjensi-dige bånd vil som regel være knyttet.»

Utvalet skreiv følgjande om grunngjevinga til Stortinget for å oppheva tidsfristane i 2002 (NOU side 113 andre spalte):

«Behovet for kunnskap om biologisk far var således hovedhensynet bak opphevelse av fristene for saksanlegg. Utvalget er usikker på om dette hensynet er tilstrekkelig til å begrunne dagens liberale adgang til saksanlegg når en ser på de store konsekvensene en slik endring kan få.

I tillegg ble det lagt vekt på medisinske hensyn på barnets side og at FNs barnekonvensjon skulle tilsi slike endringer. Utvalget vil vise til at de to siste begrunnelsene langt fra er basert på vitenskapelig grunnlag hva gjelder medisinske hensyn eller et klart juridisk grunnlag hva gjelder barnekonvensjonens krav. Utvalgets undersøkelser av de nordiske landenes og enkelte andre lands lovgivning viser at de fleste landene har lovfestede frister for saksanlegg i farskapssaker.»

Utvalsmedlem Margurethe Stenersen skreiv følgjande i ein særmerknad:

«Både mødre og fedre kan ønske å fjerne mis-tanker og tvil omkring farskap. En skal ikke se bort fra at omsorgen for det enkelte barn blir bedre der tvil er ryddet av veien.»

### 6.4 Lovendringar i 2013 – Prop. 105 L (2012–2013)

På bakgrunn av innstillinga frå Farskapsutvalet, og høyringsrunden som følgde, foreslo departementet å gjeninnføra tidsfristar i farskapssakar i Prop. 105 L (2012–2013).

I lovpropisjonen skreiv departementet at det kan vera vanskeleg å reversera den vekta som i dag vert lagt på biologi i reglane om endring av farskap. Propisjonen viste til grunngjevinga i

NOU 2009: 5, sjå ovanfor, for å gjeninnføra fristane.

I Innst. 272 (2012–2013) såg mindretallet ikkje behov for tidsfristar og støtta difor ikkje forslaget til regjeringa til endring av § 6. Dei skreiv m.a. følgjande:

«Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Kristelig Folkeparti vil peke på at regjeringen på et svært tynt grunnlag fremmer en lovendring som er svært dyptgripende i fundamentale mellommenneskelige forhold ved at den begrenser adgangen til å ta opp saker om foreldreskap. Det synes som om det eneste argument for lovendring ligger i at to tredjedeler av sakene som har vært reist, har bekreftet det eksisterende juridiske farskap. Disse medlemmer mener det er en svært forenklet slutning hvis man på generelt grunnlag konkluderer med at alle disse sakene var unødvendige, ikke burde vært reist, eller ikke har vært til barnets beste. Disse medlemmer viser til at det fortsatt vil være anledning til å reise saker innenfor fristen. Det er heller ikke drøftet om en tidsfrist vil skape et press som fører til at saker reises som kanskje ellers ville vært unngått. [...]»

Disse medlemmer mener regjeringens begrunnelser på dette området reiser flere sentrale spørsmål. Hva skal være grunnlaget for foreldreskap og farskap i barnelovgivningen? Bør menn ta ansvar for barn de setter til verden, eller er dette situasjonsbetinget og avhengig av mors beslutninger og andre omstendigheter? Disse medlemmer finner det underlig at menn som har satt barn til verden i de ulike situasjoner proposisjonen beskriver, både skal fritas for ansvar og fratas muligheten til å ta sitt rettmessige ansvar. Videre er det grunn til å spørre om det er en beslutning/samtykke som er grunnlag for farskap eller hvorvidt det er et ansvar som følger ved faktisk å ha satt barn til verden. Disse medlemmer finner grunn til å minne om at mange menn blir fedre uten at det var planlagt eller var resultat av noen beslutning, noen ber mor om å avbryte svangerskapet, andre får ikke kunnskap om farskapet før barnet er født. Dette illustrerer det uheldige ved at det i barnelovgivningen introduseres en tenkning der beslutninger og samtykke betones, og der det skapes uklarhet om det prinsipielle grunnlaget for farskap og grunnlaget for menns ansvar overfor sine barn. [...]»

Disse medlemmer ser på denne bakgrunn ikke behov for slike tidsfrister og vil på denne

bakgrunn ikke støtte regjeringens forslag til endring av § 6.»

Det er etter gjeldande rett ikkje krav om biologisk tilknyting for at menn skal kunna ta på seg farskap. Mora kan oppgje ein mann som far, og han kan då erklæra farskapen. Farskapen vert i desse tilfella fastsett utan noko form for offentleg kontroll. Stundom kan det såleis henda at ein mann tar på seg farskap til eit barn han er usikker på om han er den biologiske faren til, eller veit sikkert at han ikkje er faren til. Med den aukande vekta på biologi i samfunnet er det grunn til å tru at dette skjer svært sjeldan, noko som tala frå Rettssmedisinsk institutt stadfestar. I tilfelle der ein mann har teke på seg den juridiske farskapen til eit barn sjølv om han er i tvil om eller er kjent med at biologisk tilknyting manglar, hadde han fram til 2014 høve til å reisa sak for å fri seg frå farskapen, utan at det var tidsfristar for å reise sak. Farskap fastsett på denne måten er i dag irreversible etter eitt år, og kan ikkje endrast fordi fedrane ombestemmer seg. Ein tredjemann som meiner at han er faren til eit barn, kan no reisa sak fram til barnet er tre år, men då likevel innan eitt år etter at han vart kjent med opplysningane om at han kan vera faren til barnet.

## **7 Høyringsforslaget**

Departementet fremja i høyringsnotatet forslag om å oppheva tidsfristane i barnelova § 6, slik at eventuell usikkerhet om farskap kan avklarast uavhengig av tida som har gått etter at tvilen om farskapen oppstod.

I mange tilfelle der det vert reist tvil om farskap er barna korkje planlagt eller resultat av noka felles avgjerd frå foreldra si side. For livet til barnet framover er det av stor verdi at ei eventuell uvisse om farskapen kan fjernast. Også for fedrar som ikkje får kunnskap om at dei kan vera far til eit barn før tidsfristen på tre år er gått ut, er det viktig å kunna få ta ansvar sjølv om barnet ikkje var planlagt. Barn vil etter forslaget i større grad enn i dag sikrast kjennskap til og eventuelt kontakt med den biologiske faren så tidleg som mogleg.

Tidsfristane for å reisa sak om endring av farskap gjeld berre farskap som er fastsett etter pater est-regelen eller ved erklæring. Menn som er dømt til far har høve til å bringa sak om endring av farskapen inn for retten utan tidsfristar, dersom det ikkje vart nytta DNA-analyse då farskapen vart fastsatt ved dom, jf. barnelova § 28 a. Det var ikkje

foreslått endring i denne regelen i høyingsnotatet.

Då tidsfristane vart gjeninnført i 2013, vart det òg vedteke ny § 6 a i barnelova som gjev barn rett til kunnskap om den biologiske faren utan at den juridiske farskapen vert endra. Departementet foreslo i høyingsnotatet å oppheva barnelova § 6 a.

## 8 Syna til høyingsinstansane

Forslaget vert støtta av *Advokatforeningen, Barne-, ungdoms- og familidirektoratet, Foreningen 2 Foreldre og Norges Kvinne- og familieforbund*.

*Likestillings- og diskrimineringsombodet* og *Aleneforeldreforeningen* støttar delar av forslaget, men går imot andre delar av det.

*Barneombodet, Reform – ressurscenter for menn, Norsk Kvinnesaksforening* og *Kvinnefronten* går imot forslaget.

*Barne-, ungdoms- og familidirektoratet* viser til at problemstillinga i lovendringsforsлага vert om eit utvida høve til å reisa sak for mor, juridisk far og ein som meiner han kan vera far til barnet, vil ivareta omsynet til barnets beste på ein betre måte enn i dag. Direktoratet sluttar seg til vurderingane som departementet har gjort i høyingsnotatet, og støttar etter ei samla vurdering endringsforslaget.

*Foreningen 2 Foreldre* meiner at lova ikkje må hindre at sanninga om det biologiske opphavet til eit barn vert kjent for partane. Foreininga skriv at farskap og morskap bør fastsetjast på same måte ut frå eit likestillingsperspektiv, og at det er på tide at barnet og faren får ein sjølvstendig gjensidig juridisk relasjon, uavhengig av relasjonen mellom faren og mora til barnet.

*Foreningen 2 Foreldre* skriv vidare:

«Når det gjelder eksisterende ettårsfrist i nåværende lov etter at en potensiell far har fått kjennskap til eventuelt farskap, skal en ikke underslå at det er en stor byrde både personlig, følelesmessig og økonomisk å anlegge en sak for rettsapparatet.

Noen (potensielt) biologiske fedre vil være i en følelesmessig og/eller økonomisk vanskelig situasjon så de ikke er i stand til å gå til sak om et evt. farskap innen ett år etter at de får kunnskap om dette, men kanskje vil disse få mulighet senere. Er det da rimelig at barnet og den potensielle faren ikke skal kunne få farskapet avklart fordi den potensielle faren var i en vanskelig praktisk, følelesmessig og/eller økonomisk situasjon da han fikk kunnskap om saken?»

*Likestillings- og diskrimineringsombodet* skriv:

«I utforminga av regler for endring av farskap må hensynet til stabilitet rundt etablerte familieliv holdes opp mot behovet for avklaring av det biologiske farskapet. Dette regelverket har stor betydning for hvilke rettigheter og plikter menn skal ha som fedre. Etter ombodets syn må det mest tungtveiende hensynet i denne vurderingen likevel være barnets beste. I tråd med FNs barnekonvensjon artikkel 3 skal hensynet til barnets beste være et grunnleggende hensyn i alle saker som angår barn.»

Ombodet peikar på at det i eit likestillingsperspektiv er eit berande prinsipp at menn og kvinner i størst mogleg grad vert likestilte når det gjeld høvet til å ta ansvar for barna sine, og meiner difor at ei oppheving av treårsfristen i større grad vil likestilla kvinner og menn som foreldre.

*Likestillings- og diskrimineringsombodet* støttar likevel ikkje forslaget om å oppheva eittårsfristen for å reisa sak. Ombodet meiner regelen er ei klår oppmoding om å handla når ein først har fått opplysningar som kan tyda på ein mogleg farskap som ikkje samsvarar med den fastsette juridiske farskapen. Ei oppheving av fristen vil motverka målet om å avklara farskap så tidleg som mogleg.

*Aleneforeldreforeningen* meiner at det er viktig å ta vare på sosiale band som er knytt tidleg i livet til barna. Sjølv om kunnskap om biologisk opphav er viktig for barnet, må ikkje ei endring i barnelova om endring av fastsatt farskap føra til at barna mistar viktige omsutspersonar i livet sitt.

*Aleneforeldreforeningen* støttar ei endring i reglane om at ein mann som tvilar på at han er far til eit barn kan krevja å få dette stadfesta/avkrefta gjennom DNA-test, og at ein ikkje har tidsfristar. Eit slikt krav bør kunna setjast fram og verte handssama utan samtykke frå mora. Dette bør gjelda alle menn som er i tvil om dei er fedrar, anten farskapen er fastsett etter erklæring eller pater est-regelen. Når det gjeld høve for mora, barnet og ein tredjeperson til å reise sak, går *Aleneforeldreforeningen* inn for ei vidareføring av gjeldande rett.

*Barneombodet* meiner at dagens reglar er godt eigna til å ivareta dei interessene som generelt sett er best for barn, og støttar difor ikkje forslaget. Ei slik endring vil etter ombodet si meining vera å gje det biologiske prinsippet ei svært sterkt gjennomslagskraft, utan først å ha vurdert konsekvensane for barnet. *Barneombodet* er samd i at det er i interessa til barn å få kunnskap om kven

som er den biologiske faren deira. Ombodet peikar likevel på at kjernespørsmålet er om det generelt sett er best for barn å ha eit regelverk som opnar for ein svært liberal tilgang til å reise sak for endring av eit allereie etablert farskap. Interessene til barnet er godt ivaretatt gjennom gjeldande rett, slik *Barneombodet* vurderer det.

Ombodet skriv vidare at sjølv om det heilt klårt er i interessa til barnet å få kunnskap om sitt biologiske opphav, treng det ikkje alltid å vera i interessa til barnet at ein allereie etablert farskap kan endrast, uavhengig av tida som har gått. Stabilitet og kontinuitet er sentrale dimensjonar i vurderinga av kva som er best for barn, og det er dermed svært viktig for barn å leva med påreknelege rammer for omsuta framover. Ombodet peikar på at ved å gje foreldra eit vidt høve til å reise endringssak for domstolen, er det òg ein fare for at foreldre i høg konflikt får ein ny arena å spela ut konflikten seg imellom på.

*Reform – ressurssenter for menn*, skriv følgjande:

«Reform ser ikke behov for å endre bestemmelsene om tidsfrister fastsatt i dagens barnelov. Det foreliggende forslaget bringer ikke inn vesentlige nye momenter. Biologisk opprinnelse er prinsipielt mindre tungtveiende enn sosialt farskap via bånd som er etablert over et lengre tidsrom, som ved adopsjon. Sosialt farskap ivaretas best ved å opprettholde dagens lovbestemmelser.»

*Reform* går vidare imot forslaget om å oppheva § 6 a om retten til kunnskap om biologisk far, og grunngev dette med at det er tydeleg skilnad på å gå til sak om endring av farskap, og å krevja kunnskap om biologisk far. Det vil kunna tenkjast tilfelle der barn vil ynskja informasjon om den biologiske faren sin utan å risikera å mista den sosiale faren som sin juridisk far.

*Norsk Kvinneresaksforening* peikar på at det i dag manglar grunnlag i forsking for å seie kva som vil vera til det enkelte barn sitt beste eller til beste for barn generelt. Dersom det er best for det enkelte barn å få brakt ei uviss om farskapen ut av verda, vil barnet alltid ha høve til å reisa søksmål. Foreininga meiner at den foreslalte endringa bør utsetjast til det finst eit betre fundert grunnlag for å hevde kva som vil vera til beste for barn flest.

*Kvinnefronten* støttar ikkje forslaget og meiner det inneber ei styrking av rettane til menn samstundes med ei svekking av rettane til kvinner og barn, utan tilstrekkeleg grunnlag i forsking for å seie kva som vil vera best for barnet.

## 9 Vurderingane til departementet

Hovudreglane i barnelova om fastsettjing av farskap verkar godt for det store fleirtalet. Det er likevel viktig at det skal vera mogleg å korrigera feilen når den juridiske farskapen ikkje samsvarer med den biologiske tilknytinga. Kunnskap om kven som er dei biologiske foreldra til eit barn er grunnleggjande i menneska si forståing av seg sjølv.

Det er få høyingsinstansar som har gitt høyingsutsegn til forslaget til lovendringar. Høyingsutsegna er ikkje eintydige, men går i ulik retning om dei ulike forslaga som vart sendt på høyring.

Likestillings- og diskrimineringsombodet påpeikar at å leva med tvil om ein er far til eit barn for mange vil vera ei stor unødig påkjenning. Difor meiner ombodet det er rett at ein skal få høve til å prøva farskapet, òg i tilfelle der barnet er fylt tre år. Ei oppheving av treårsfristen vil i større grad likestilla kvinner og menn som foreldre. Hovudargumentet mot å oppheva treårsfristen er at ein familie ikkje skal uroast og kanskje verte splitta opp ved at ein tredjemann kjem inn i biletet og reiser sak om farskapen etter at barnet er fylt tre år. Ombodet anerkjenner dette som eit problem, men meiner likevel at høvet til å få prøvd farskapen for den moglege biologiske faren bør vega tyngre. Departementet sluttar seg til dette.

Departementet legg vidare til grunn at dersom det er tvil om kven som er far til eit barn, vil det vera til barnet sitt beste å få tvilens avklara ved at både den juridiske faren, ein mogleg far og mora har rett til å reisa sak, uavhengig av tidsfristar. I tilfelle der det er ei påkjenning for barnet å få kjennskap til tvilens om farskapen, meiner departementet likevel at det i det lange løp vil vera best å kjenne sanninga. Vilår og fristar for å ta opp sak om endring av farskap vil i liten grad kunna vernar barnet mot den psykiske uroa tvil om farskapen kan skapa. Omsynet til kunnskap om biologisk opphav veg så tungt for det enkelte barn og for foreldra, at det ikkje bør vera tidsfristar i lova som hindrar at sakene kan takast opp og verte handsame på ein forsvarleg måte i rettssystemet.

Då forslag om å oppheva den tidas tidsfristar vart fremja i Ot.prp. nr. 93 (2001–2002) vart forslaget grunngjeve på følgjande måte:

«Konsekvensene av det regelverket vi har med søksmålsfrister for alle parter med unntak av barnet, er at passivitet «straffes». En mann som ikke vil forstyrre harmonien i et etablert samliv ved å sette spørsmål ved farskapet til ektefellens eller samboerens barn, kan komme i en situasjon der «bordet fanger». Det samme gjelder en

mor som ikke går til endringssak innen ett år selv om hun vet at ektefellen ikke er far til barnet, eller at feil mann har erkjent farskapet.

Gjennom presse og henvendelser til departementet fra privatpersoner vet vi at det kan være en stor påkjenning for en mann å være juridisk far til et barn som han betviler er hans, uten muligheter til å få farskapet sikkert avklart. Vi vet også en del om den vanskelige situasjonen for en mann som er avhengig av de juridiske foreldrenes samtykke for å få avklart hvorvidt han er far til et barn, og for eventuelt å få endret farskapet. Dersom farskapet ikke blir endret, har de ofte ikke mulighet til å etablere kontakt med barnet, noe som fører til savn og fortvilelse.

Tvil rundt farskapet vil uansett regelverket kunne føre til at barnet opplever uro og konflikter i familien. Barnet vil kunne få høre om fars eller mors tvil fra foreldrene selv, eller fra andre. Vilkår og søksmålsfrister for å ta opp sak om endring av farskap vil i liten grad kunne beskytte barnet mot den psykiske uroen tvil rundt farskapet kan skape. Regelverket gjelder også i de tilfellene der «barnet» ikke lenger er mindreårig og hensynet til å beskytte barnet derfor ikke er like tungtveiende.

Dersom vilkårene og søksmålsfristene for å gå til endringssak i barneloven § 6 oppheves, vil en juridisk far alltid kunne få avklart enhver tvil om han er barnets biologiske far, og eventuelt bli frikjent for farskapet dersom han ikke er det. Det samme gjelder en mann som mener at han kan være far til et barn som allerede har en juridisk far. Dersom en endringssak fører til at barnet får en annen juridisk far, vil dette kunne få store praktiske konsekvenser for barnets daglige liv. En juridisk far kan gå til sak for å få del i foreldrebeføyelser over barnet. Dette betyr at han vil kunne få fastsatt samvær og eventuelt få del i foreldreansvaret. Den tidligere juridiske far mister alle rettigheter i forhold til barnet, samtidig som barnet mister alle rettigheter i forhold til ham. Dersom farskapssaken fører til et samlivsbrudd mellom mor og den som har vært barnets juridiske far, kan barnet miste kontakten med den mannen som har vært juridisk og sosial far for barnet. Barnet vil imidlertid kunne få opprettet kontakt med den som er barnets biologiske far.»

Farskapssakar kan vera svært ulike og samansette. Det er naudsynt å ha gode hovudreglar, men samtidig høve til å korrigera juridiske foreldreskap når desse ikkje er i samsvar med dei biologiske tilhøva.

Det er vanskeleg å fastslå kva som er til barnet sitt beste i det enkelte tilfellet, men sanninga vil ofte vera frigjerande og positiv over tid, både for vaksne og barn. Det gjeld anten utfallet skulle vera ei stadfesting eller ei avkrefting av ein eksisterande juridisk farskap.

Departementet finn at omsynet til barnet sitt beste i desse sakene vil vera å avklare eventuell uvisse knytt til uttalt tvil om farskapen. Departementet går difor inn for å oppheva tidsfristane i barnelova § 6.

Forslaget om å oppheva barnelova § 6 a vert ikkje følt opp.

## 10 Økonomiske og administrative konsekvensar

I Prop. 105 L (2012–2013) skrev departementet følgjande:

«I propositionen foreslås det å innføre tidsfrister for å reise sak om endring av farskap. Dette vil kunne føre til en viss begrensning av saksanlegg. Forslaget om å gi barnet rett til kunnskap om biologisk opphav uten å endre det juridiske farskapet, vil kunne medføre noe økning av Arbeids- og velferdsetatens arbeid med denne typen saker. Samlet sett antas disse sakene ikke å føre til noen vesentlig endring i det totale sakstilfanget.»

Departementet legg til grunn at å reversere lovenendringane samla sett ikkje vil medføra vesentlege administrative eller økonomiske konsekvensar.

## 11 Regeltekniske endringar i ekteskapslova og brudvigjingslova

Mynda til å gje etterfylgjande godkjenning av ugyldige ekteskap er heimla i ekteskapslova og brudvigjingslova. Viss eit ekteskap er ugyldig fordi framgangsmåten var gal eller vigslaren mangla mynd, kan fylkesmannen etter ekteskapslova § 16 andre stykke, gje etterfylgjande godkjenning av ekteskapet når særlege grunnar talar for det. Der eit ekteskap som er inngått i utlandet, ikkje kan verte anerkjent i Noreg, kan fylkesmannen likevel godkjenne ekteskapet viss det er sterke grunnar som talar for det, jf. ekteskapslova § 18 a andre stykke. Etter brudvigjingslova § 11 tredje stykke, kan ein vigsel som er utført i strid med

lova, verte godkjend når særlege grunnar talar for det.

Ekteskapslova og brudvigjingslova vart endra ved lov 18. september 2015 nr. 92, og mynda til å handsame søknadar om godkjenning av ugyldige ekteskap vart lagd til fylkesmannen i førsteinstans. Endringane tredde i kraft 1. januar 2016. Det er Fylkesmannen i Oslo og Akershus som handsamar søknadane.

Mynda til å godkjenne ugyldige ekteskap etter ekteskapslova § 16 andre stykke og § 18 a andre stykke var før lovendringa lagd til Barne-, ungdoms- og familieliedirektoratet. Departementet var klageinstans. Mynda til å godkjenne ekteskap etter brudvigjingslova § 11 tredje stykke var lagd til departementet i førsteinstans. Kongen i statsråd var klageinstans. Det var ikkje ynskjeleg at departementet og Kongen i statsråd skulle vere første- og/eller klageinstans i einskilde saker etter ekteskapslova og brudvigjingslova. Departementet fremja difor eit lovforslag i Prop. 103 L (2014–2015) for å leggja til rette for ei betre handsaming av saker der inngåtte ekteskap ikkje er gyldige etter norsk rett. Det vart føreslått at alle saker om etterfylgjande godkjenning av ugyldige ekteskap skulle verte handsama av fylkesmannen. Departementet uttala vidare i lovforslaget at det ville vurdere nærmare om mynda burde verte lagd til eit eller fleire fylkesmannsembete. Bakgrunnen for forslaget om at den eller dei same organ skulle handsame alle sakene, var at ein ville gje ei meir einskapleg og effektiv sakshandsaming. Stortingskommenterte dette i Innst. 285 L (2014–2015), der komiteen uttala:

«Komiteen merker seg formålet med forslagene til lovendring, som er en mer enhetlig og effektiv behandling av sakene ved at samme enhet behandler alle sakene, og ser behovet for effektivisering, verdien av enhetlig behandling og det naturlige i at alt er samlet på ett sted.»

Ved eit mistak vart det i ordlyden i ekteskapslova § 16 andre stykke, ekteskapslova § 18 a andre stykke tredje punktum og brudvigjingslova § 11 tredje stykke første punktum, fastsett at fylkesmannen kan godkjenne, anerkjenne og vedta ugyldige ekteskap og vigslar. Dette inneber i utgangspunktet at alle fylkesmenn er gjevne denne mynda innanfor det geografiske området deira. Departementet føreslår å endre ordlyden i ekteskapslova § 16 og § 18 a og brudvigjingslova § 11 for å gjere det tydeleg at departementet fastsett kva for fyl-

kesmenn som skal handsame slike saker. Lovendringane inneber inga endring i dagens situasjon, og hensikta til departementet er at Fylkesmannen i Oslo og Akershus skal halde fram med å handsame søknadar om etterfylgjande godkjenning av ugyldige ekteskap.

Etter at lov 13. februar 2015 nr. 9 om utenrikstjenesten (utenrikstjenesteloven) tok til å gjelde, vart tilvisinga i ekteskapslova § 12 første stykke bokstav c feil. Den rette tilvisinga skal vere § 14, ikkje § 17 slik det står no. Departementet føreslår å endre dette.

## **12 Nærare merknadar til lovforslaget**

### *Til endringa i barnelova § 6*

Søksmålsfristar og vilkår for å gå til sak om endring av farskap etter §§ 3 og 4 i barnelova vert oppheva slik at foreldra og ein tredjemann som meiner han er far til eit barn får same rett som barnet til å gå til sak om endring av farskap. Departementet føreslår å endra paragrafen tilbake til ordlyden før 1. januar 2014 .

### *Til endringa i ekteskapslova § 12*

Tilvisinga til utanrikstenestelova i ekteskapslova § 12 første stykke bokstav c vert endra slik at ho viser til utanrikstenestelova § 14.

### *Til endringa i ekteskapslova § 16*

Om bakgrunnen for endringa sjå kapittel 11 ovanfor. Føresegna vert endra slik at mynda til å ta avgjerd vert lagd til den eller dei fylkesmenn departementet fastset.

### *Til endringa i ekteskapslova § 18 a*

Om bakgrunnen for endringa sjå kapittel 11 ovanfor. Føresegna vert endra slik at mynda til å ta avgjerd vert lagd til den eller dei fylkesmenn departementet fastset.

### *Til endringa i brudvigjingslova § 11*

Om bakgrunnen for endringa sjå kapittel 11 ovanfor. Føresegna vert endra slik at mynda til å ta avgjerd vert lagd til den eller dei fylkesmenn departementet fastset.

Endringar i barnelova m.m. (oppheving av tidsfristar i farskapssaker m.m.)

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i barnelova m.m. (oppheving av tidsfristar i farskapssaker m.m.).

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i barnelova m.m. (oppheving av tidsfristar i farskapssaker m.m.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### **til lov om endringar i barnelova m.m. (oppheving av tidsfristar i farskapssaker m.m.)**

#### I

I lov 8. april 1981 nr. 7 om barn og foreldre vert det gjort følgjande endringar:

§ 6 første stykke første punktum skal lyde:

*Barnet, kvar av foreldra og tredjemann som meiner han er far til eit barn som allereie har ein far, kan alltid reise sak for domstolane om farskap etter ekteskap eller erklæring.*

Andre og tredje stykke vert oppheva.

#### II

I lov 30. juni 1955 nr. 20 om når norsk tenestemakt kan halda brudvigjing i utlandet og utenlandske tenestemakt i Noreg skal § 11 tredje stykke lyde:

I serhøve *kan ei* vigjing som er haldi av norsk tenestemakt eller av utanlandske tenestemakt i Noreg, *godtakast som gjeldande*, endå om ho vanrar bindande kraft etter reglane i første ledet. Slik avgjerd kan takast endå om den eine av brudfolka eller båe er avlidne. *Departementet fastset kva for fylkesmenn som skal handsame slike saker.* Kongen kan gjeva nøgnare reglar om godtakingsvilkåra.

#### III

I lov 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap vert det gjort følgjande endringar:

§ 12 første stykke bokstav c skal lyde:

*norsk utenrikstjenestemann, jf lov om utenrikstjenesten § 14.*

§ 16 andre stykke skal lyde:

*Etter begjæring fra en av partene kan ekteskapet likevel godkjennes som gyldig når særlige grunner foreligger. Slik godkjenning kan også gis når én eller begge parter er død. Departementet fastsetter hvilke fylkesmenn som skal behandle slike begjæringer.*

§ 18 a andre stykke andre og nytt tredje punktum skal lyde:

*Etter begjæring fra begge parter kan ekteskapet likevel anerkjennes dersom sterke grunner taler for det. Departementet fastsetter hvilke fylkesmenn som skal behandle slike begjæringer.*

#### VI

Lova tek til å gjelde straks.







